


FANGST OG SKJELPRØVAR I VORMA

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst i perioden 1977-2020 var 283 laks (snittvekt 3,3 kg) og 49 sjøaurar (snittvekt 0,8 kg). I 2020 vart det fanga 573 laks (snittvekt 3,2 kg), den største fangsten sidan 2012.

Laksefangstane har vore markert høgare etter 1999 enn før, og snittfangst per år i 1999-2020 er 435 laks (**figur 1**, stolpar). Etter rekordfangsten i 2012, då det vart fanga 768 laks, har fangstane vore noko lågare. Sjøaurefangstane har variert mykje mellom år, men gjekk drastisk ned fram til 2010, og etter det har sjøauren vore freda.

Utviklinga av både laks- og sjøaurefangstane på 2000-talet er mykje den same i Vorma som i resten av fylket, og viser at situasjonen ikkje er særigen for Vorma (**figur 1**, linjer).




FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Vorma i perioden 1977-2020 (stolpar). Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, svart). Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland. Sjøauren har vore freda sidan 2010.

Analysar av skjelmateriale

Sidan 2005 har det vore analysert skjelprøvar av til saman 5304 laks og 13 sjøaure (**figur 2**, stolpar). Frå sportsfisket i 2020 kom det inn prøvar av 487 laks, som er 85 % av registrert fangst. Dei siste 10 åra har me motteke prøvar av 80 % eller meir av avliva laksefangst.

Etter relativt stort innslag av rømt oppdrettslaks i 2006 og 2007 har andelen vore 5 % eller mindre dei følgjande åra. Etter 2010 har andelen rømt oppdrettslaks i skjelmaterialet vore under 3 % alle år, dei fem siste åra under 1 %. I 2020 var det berre villaks (**figur 2**, linje). Det høge antalet skjelprøvar i høve til fangst i åra 2010-18 gjer at ein kan vera sikker på at det har vore lite rømt laks i elva desse åra. Perioden før er noko meir usikker.



FIGUR 2. Antal skjelprøvar (stolpar) og andel rømt oppdrettslaks (linje) i skjelmaterialet frå Vorma 2005-20.

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Edvard Griegs vei 3, 5059 Bergen

Tlf. 55 31 02 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no